

Arkivverket

Postboks 4013
0806 OSLO

Dykkar ref.:
2021/8391

Vår ref.:
21/422 - 2 / KK / 051

Dato:
10.08.2021

Høyringsfråsegn - Forslag til endring i riksarkivarens forskrift

Vi syner til høyringsbrev av 11. mai 2021 med forslag til endringar i forskrift av 19. desember 2017 nr. 2286 om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver (riksarkivarens forskrift).

IKA Hordaland har fylgjande kommentar til § 7-30 (3):

Det er få innsyn i saker knytt til bustøtte i dei arkiva vi for tida har deponert hos oss. Vi ser det difor ikkje naudsynt å bevare materiale knytt til sakshandsaming av tilskot til bustad i kommunal sektor ut over oppbevaringstida på 10 år etter at saka er avslutta. Forskarar eller andre som kan ha interesse av materialet vil truleg kunne få dekt sitt behov for dokumentasjon gjennom andre kjelder som til dømes dei som er tilgjengelege ved Husbanken, SSB eller Skatteetaten. Bevaring av utvalde årgongar vil saman med resten av arkivarbeidet konkurrere om kommunane sine ressursar. Slik vi ser det vil forslaget påføre kommunane unødige kostnader.

Vi oppfattar størstedelen av dei andre forslaga som naudsynte presiseringar av gjeldande rett og praktisk gjennomføring av regelverket i lys av den teknologiske utviklinga.

IKA Hordaland har elles ingen kommentarar til høyringa.

Med venleg helsing
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Knut Kjosås
fagleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.